

Helseføretaka i Helseregion Vest

2008/41 - 3343/2008

Kristine Enger, 51 96 38 23

16.09.2008

Einingar i Helseregion Vest utpeika til akutt behandling av rusmiddelmisbruk

I spesialisthelsetjenesteloven § 3-1, 2. ledd er det innført ei plikt for dei regionale helseføretaka til å peike ut institusjonar eller avdelingar i institusjonar som har plikt til å ta imot pasientar med behov for akutt behandling av rusmiddelmisbruk.

Plikta til å gi akutt behandling av rusmiddelmisbruk inneber at pasienten skal takast imot straks dersom pasienten har eit akutt behov for helsehjelp for sine rusproblem, og det ikkje vil vere forsvarleg å be pasienten følgje dei ordinære prosedyrane for inntak. Dei ordinære prosedyrane for inntak er at lege eller sosialteneste i kommunen, eller lege innan dei andre delane av spesialisthelsetenesta, tilvisar pasienten til ei vurderingseining innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Einingar for akutt behandling av rusmiddelmisbruk har plikt å gi tilstrekkeleg helsehjelp til det er forsvarleg å skrive pasienten ut eller å overføre pasienten til andre delar av spesialisthelsetenesta. Eininga har i tillegg plikt til å tilvise pasientar som får akutt behandling av rusmiddelmisbruk, og som ønskjer det, til ei vurderingseining innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling dersom pasienten kan ha behov for behandling innan denne delen av spesialisthelsetenesta.

Under er einingane i Helseregion Vest som Helse Vest RHF har utpeika i samarbeid med dei aktuelle institusjonane til å ta imot pasientar med behov for akutt behandling av rusmiddelmisbruk:

Institusjon:	Eining:
Haraldsplass Diakonale sjukehus	OBS posten
Helse Førde HF	Somatisk akuttmottak, Førde Sentralsjukehus
	Somatisk akuttmottak, Nordfjord sjukehus
	Somatisk akuttmottak, Lærdal sjukehus
Helse Bergen HF	Somatisk akuttmottak, Haukeland Universitetssjukehus
	Somatisk akuttmottak, Voss sjukehus
Helse Fonna HF	Somatisk akuttmottak, Haugesund sjukehus
	Somatisk akuttmottak, Stord sjukehus
	Somatisk akuttmottak, Odda sjukehus
Helse Stavanger HF	Mottak, observasjons- og beh. avdelinga – MOBA

Med vennleg helsing

Hans K. Stenby
Plansjef

Kristine Enger
Rådgivar